

Ibis film as
Søregarden 12
5642 Holmefjord

Holmefjord 12. januar 2018

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
hfk@hfk.no

Dykkar ref: 2016/573-115

Eg viser til motteken stønad til prosjektet "Knud Knudsen på turné" i 2016. Prosjektstønadene skulle nyttast til formidling av arven etter pionérfotografen Knud Knudsen og dette har foregått både i 2016, 2017 og held fram i 2018 gjennom turné med DKS i Hordaland.

Stønadene skulle nyttast til innsal, utarbeiding av eigne opplegg utifrå kvar arrangementa vart avheldne, og til reise og generell dekning av "underskot" ved slike arrangement som ofte er lågt honorerte. Vi har gjennomført omlag tjue arrangement, fyrst og fremst rundt om i Hordaland, men også i Sogn og Fjordane, og dette held altså fram i 2018. Vi har også i tråd med søknaden, teksta filmen til engelsk, og den har mellom anna vore nytta ved ei utstilling i Iowa, USA.

Tilskotet er gjennom dette nytta i tråd med søknaden.

Vi har ikkje utarbeidd eige prosjektrekneskap for dette prosjektet. Formidlinga av Knud Knudsens arv går over lang tid med relativt sett små kostnader og inntekter gjennom fleire år, og det har vore meir hensiktsmessig å la dette vere ein del av driftsbudsjettet. Å utarbeide eit eige prosjektrekneskap for eit så beskjedent tilskot er etter vår meining ikkje rett bruk av offentlege midlar, all den tid det elles er lett å etterprøve at tilskotet har vore nytta i tråd med søknad (gjennom offentlege arrangement).

Til orientering er Ibis film as under avvikling, men prosjektet vert vidareført av innehavarene sine enkeltpersonsføretak, og alle rettar og pliktar knytt til selskapet vert overteke av oss.

Vi takkar for stønaden som har gjort det mogleg for oss å formidle arven etter Knud Knudsen på heile Vestlandet.

Vennleg helsing

Lisbeth Dreyer
Ibis film as